

# Kjøpe enkeltbillett i FRAM-appen

Denne vegvisaren beskriv korleis du kan kjøpe enkeltbillett i FRAM-appen.

**Merk!** Dei fleste bilda i dette dokumentet visar ein iPhone. På Android-telefonar kan skjermen sjå litt annleis ut, men prosessane er dei same.

Du kan kjøpe enkeltbillett frå skjermbildet Kjøp (side 1-7) eller frå reisesøk (side 8-14). På side 15 og 16 får du informasjon om kvar du finn billettane dine og korleis du enkelt kan kjøpe same type billett som du har kjøpt tidlegare.


**Merk!** Mobiltelefonen billetten er kjøpt på, skal vere med gjennom heile reisa.

## Slik kjøper du enkeltbillett frå bildet Kjøp

Opne FRAM-appen og vel «Kjøp» (iPhone) eller «Billetter >> Kjøp» (Android).

Viss du ikkje har gjort endringar i brukarprofilen din, vil du kome direkte inn på rett stad når du opnar FRAM-appen.


Vel knappen «Enkeltbillett» for å gå vidare.



Når du skal kjøpe ein enkeltbillett, må du først legge inn ønska reisestrekning. Så vil du få opp tilgjengelege typar enkeltbilletter for den strekninga du har vald. Sjå neste side.

Trykk i feltet «(A) Velg holdeplass» (bilde 1) for å søke opp og velje haldeplass/soner du vil reise frå.


**Merk!** Den første gongen du søker opp haldeplass/soner, vil du bli spurt om du vil gi FRAM-appen tillating til å sjå den geografiske posisjonen din, slik at appen kan sortere lista over haldeplassar etter kva haldeplassar som er nærast deg (bilde 2).



Bilde 1



Bilde 2



Bilde 3


Når du har trykt på «(A) Velg holdeplass» og gitt FRAM-appen tilgang til posisjonen din, får du opp ei liste over haldeplassar/soner (bilde 3).

Haldeplassar har ei rød kompassnål som ikon føre namnet, medan soner har eit kart som ikon føre namnet. På iPhone vil haldeplassane vere sortert først. På Android-telefonar vil sonene vere sortert først.


Viss du har kjøpt enkeltbillett tidlegare, vil appen føreslå dei sist brukte haldeplassane/sonene du har brukt (inntil 3 forslag) under 'Sist brukte', slik at du enkelt kan velje desse på nytt.

Viss du har sagt ja til at FRAM-appen kan sjå posisjonen din, vil lista over haldeplassar/soner vise dei næraste haldeplassane. Viss du skal reise frå ein av dei haldeplassane du ser, kan du trykke på den aktuelle haldeplassen.


Viss du vil sjå andre haldeplassar, kan du skrive inn starten på namnet på den haldeplassen/sona du skal reise frå, under «Velg sted». (I eksempelet nedanfor har kjøparen skrive Moa (bilde 2) og deretter lagt eit mellomrom etter (bilde 3) for å få opp alle haldeplassar/soner som heiter noko med Moa.)



Bilde 1




Bilde 2




Bilde 3

Bla i lista for å finne rett haldeplass eller sone og trykk på aktuell haldeplass/sona. Dette blir no sett inn som startpunkt.




Trykk no i feltet «(B) Velg holdeplass» og gjenta prosessen for å finne den haldeplassen eller sona du vil reise til. Når du har funnet riktig haldeplass/sona, trykk på denne for å velje den som til-punkt.

**Merk!** Ein enkeltbillett er berre gyldig for ei enkelreise i den reiseretninga billetten er kjøpt for. Pass derfor på at du vel rett startpunkt og endepunkt og ikkje bytar om desse når du vel haldeplassar i appen. Det er ikkje mogleg å kjøpe tur-/returbillett i FRAM-appen.




Når både (A) (fra-punkt) og (B) (til-punkt) er lagt inn, får du opp ei liste over tilgjengelege enkeltbillett under «Velg billettype». Trykk på namnet til riktig type enkeltbillett i lista over tilgjengelege billett.




**Merk!** Viss det står eit (i)-ikon bak namnet på billettypen, betyr det at det er lagt inn viktig informasjon om produktet. Trykk på (i)-ikonet for å få opp produktinformasjonen. Trykk OK i meldinga for å lukke ho og gå vidare i kjøpsprosessen.

No skal du velje riktig billettkategori.



Bilde 1



Bilde 2

Ein vaksenbillett er valt som standard. (Bilde 1.)

For å ta vekk éin billettkategori og legge til ein annan bruker du pluss- og minusknappane bak namn og prisinformasjon for kategoriane.

Viss du ikkje skal ha nokon vaksenbillett, trykker du på minusknappen bak «Voksen» for å sette talet til 0. Trykk deretter på plussknappen bak ønska billettkategori. (Bilde 2.)

Skal du kjøpe billett til fleire reisande i same kategori, trykker du på plussknappen fleire gongar til riktig tal er vald. Vel du for mange, trykker du på minusknappen for å justere til riktig tal.

Du kan sjølvst og kjøpe billett til fleire kategoriar reisande ved å trykke plussknappen for alle billettkategoriar du ønsker å kjøpe billett til. Pass på at tal reisande blir riktig i kvar kategori.

Når du har valt riktig tal billettar i den eller dei ønska kategoriane, vel du «Til betaling».




**Merk!** For å få grupperabatt må du velje produktet «Gruppebillett buss». Dette alternativet dukkar opp når strekninga du har lagt inn er lang nok til å kvalifisere til grupperabatt. Prisane for «Gruppebillett Buss» blir oppdater til rabatterte prisar når talet på valde billettar møter kravet til tal reisande (2 eller fleire).



Før gjennomføring av betaling og stadfesting av kjøp, sjekk at vald produkt og billettkategori er korrekt. Pass og på at du har haka av for tilsending av kvittering på e-post viss du ønsker dette.

Viss du vil bytte betalingskort for kjøpet, trykker du på knappen med kortinformasjon under «BETALING» for å endre opplysningane.

**Merk!** For enkeltbillett er det viktig å merke seg det med rødt skrift og velje riktig type aktivering!



Vel kjøp av enkeltbillett som skal brukast med ein gang, skal det stå «Bruk no» under «AKTIVERING».


Dersom «Bruk seinere» er førhandsvald, trykker du på knappen der det står «Bruk seinere» for å få moglegheit til å endre til «Bruk no».

Viss du kjøper ein enkeltbillett som skal brukast seinare, skal det stå «Bruk seinere» under «AKTIVERING». Viss «Bruk no» er førehandsvald, trykker du på knappen der det står «Bruk no» for å få moglegheit til å endre til «Bruk seinere».



Når du er sikker på at produktval, informasjon om e-post/kvittering og tidspunkt for bruk er riktig, vel du «Bekreft» nedst på skjermen for å bekrefte kjøpet.

Viss du har valt «Bruk no» under «AKTIVERING», blir billetten no aktivert og er klar til bruk.



Viss du har valt «Bruk seinere» og trykker «Bekreft», får du opp billetten din, men han er ikkje aktiv.

**Merk!** Du skal ikkje trykke «Aktivere billetten» før du er klar til å starte reisa (ved ombordstiging). Først når du er klar til å reise, trykker du «Aktivere billetten».

### Grense for førehandskjøp

Det er ikkje mogleg å førehandskjøpe billett tidlegare enn 48 timar før planlagt reise. Dette er altså fristen du har til å starte reisa etter at du har førehandskjøpt billett.

Nedteljinga for desse 48 timane står på billetten etter kjøp, før den er aktivert. Etter at fristen for aktivering er gått ut, vil det ikkje være mogleg å bruke billetten.


Viss du oppdagar at du har førehandskjøpt billett for tidleg og ikkje rekk å bruke han innan 48 timer, skal du ikkje aktivere billetten! Viss du lar vere å aktivere billetten, slepp du å betale for han og kan kjøpe ein ny billett som vil vere gyldig for reisa.

Sletting av reservert kjøpsbeløp skjer automatisk etter at fristen for aktivering er gått ut, viss billetten ikkje blir aktivert. Det kan ta nokre verkedagar før reservasjonen av beløpet blir frigitt på kontoen din. Det eksakte tal dagar er avhengig av kortleverandør, men det kan ofte ta så mykje som ei veke.

## Slik kjøper du enkeltbillett via reisesøk


**Merk!** Sjølv om du kjøper billett via reisesøk, kjøper du ikkje billett til den bestemte avgangen du søker opp, men billett til den aktuelle strekninga og valde billettkategorien. Billetten er derfor ikkje ein reservasjon på den bestemte avgangen eller garanti for reise på denne avgangen.

Opne FRAM-appen og vel «Reise» (iPhone) / «Søk reise» (Android).







Du søker opp den strekningen du vil reise ved å legge til *frå-stad* og *til-stad* på denne måten:



Trykk på ordet «Sted» til høyre for «Fra» for å søke opp og velje haldeplass/stad å reise frå.

Den første gongen du søker opp ein haldeplass/sted vil du bli spurt om du vil å gi FRAM-appen tillating til å sjå din geografiske posisjon, slik at appen kan føreslå haldeplassar i nærleiken av der du er.



Skriv delar av eller heile namnet på haldeplassen/ staden du vil reise *frå* i feltet øvst i bildet. I lista som kjem opp, trykker du på den haldeplassen/staden du vil reise frå.



Gjenta prosessen for å velje haldeplass/stad du skal reise *til* ved å trykke på «Sted» til høyre for «Til» for å søke opp og velje haldeplass/stad.

Som standard er reisesøket sett opp med avgangstidspunkt «Nå», alle transportmiddel, normal overgangstid og alle linjer.

Dvs. at søket prøver å finne den neste avgangen frå den haldeplassen/staden du skal reise frå til den haldeplassen/staden du skal til.

Viss du vil, kan du filtrere søket på ønska dag/tid og eventuelt transportmiddel/linje. Val av transportmiddel vere aktuelt viss du til dømes har valet mellom å bruke buss eller hurtigbåt dit du skal, eller kan velje mellom ein bybuss og ein ekspressbuss.

Viss du vel ei bestemt linje (rutenummer på bussen), får du opp berre dei reisealternativa som går med den valde linja. (I eksempelet under er det valt eit bestemt tidspunkt og ei bestemt linje.)




Vel eit av reiseforslaga. No blir berre den valde reisa vist. For å sjå prisar for turen, kan du trykke på knappen «Priser» øvst i bildet. Trykk knappen «Kjøp billett» når du er klar til å gå vidare.




**Merk!** Viss det ikkje kjem opp prisinformasjon for det reiseforslaget du ønsker eller det ikkje visast ein «Kjøp nå»-knapp, kan dette bety at det ikkje er mogleg å kjøpe enkeltbillett for den ønska reisa i FRAM-appen.

Sjekk om heile eller deler av reisa går med andre selskap enn FRAM (tog, flybuss, Nor-Way ekspressbussar, VY Ekspress eller liknande). Viss dette er tilfelle, må du avgrense søket ditt til den strekninga som går med FRAM sine ruter. Då kan du kjøpe billett til denne delen av reisa i FRAM-appen. Til den delen av reisa som ikkje går med FRAM sine ruter, må du kjøpe billett hos det eller dei selskapa som har turen.

No skal du velje riktig billettkategori.



Bilde 1



Bilde 2

Ein vaksenbillett er valt som standard. (Bilde 1.)

For å ta vekk éin billettkategori og legge til ein annan bruker du pluss- og minusknappane bak namn og prisinformasjon for kategoriane.

Viss du ikkje skal ha nokon vaksenbillett, trykker du på minusknappen bak «Voksen» for å sette talet til 0. Trykk deretter på plussknappen bak ønska billettkategori. (Bilde 2.)

Skal du kjøpe billett til fleire reisande i same kategori, trykker du på plussknappen fleire gongar til riktig tal er vald. Vel du for mange, trykker du på minusknappen for å justere til riktig tal.

Du kan sjølvst og kjøpe billett til fleire kategoriar reisande ved å trykke plussknappen for alle billettkategoriar du ønsker å kjøpe billett til. Pass på at tal reisande blir riktig i kvar kategori.

Når du har valt riktig tal billettar i den eller dei ønska kategoriane, vel du «Til betaling».




**Merk!** For å få grupperabatt må du velje produktet «Gruppebillett buss». Dette alternativet dukkar opp når strekninga du har lagt inn er lang nok til å kvalifisere til grupperabatt. Prisane for «Gruppebillett Buss» blir oppdater til rabatterte prisar når talet på valde billettar møter kravet til tal reisande (2 eller fleire).



Før gjennomføring av betaling og stadfesting av kjøp, sjekk at vald produkt og billettkategori er korrekt. Pass og på at du har haka av for tilsendning av kvittering på e-post viss du ønsker dette.

Viss du vil bytte betalingskort for kjøpet, trykker du på knappen med kortinformasjon under «BETALING» for å endre opplysningane.

**Merk!** For enkeltbillett er det viktig å merke seg det med rødt skrift og velje riktig type aktivering!



Ved kjøp av enkeltbillett som skal brukast med ein gang, skal det stå «Bruk no» under «AKTIVERING».


Dersom «Bruk seinere» er førhandsvald, trykker du på knappen der det står «Bruk seinere» for å få moglegheit til å endre til «Bruk no».

Viss du kjøper ein enkeltbillett som skal brukast seinare, skal det stå «Bruk seinere» under «AKTIVERING». Viss «Bruk no» er førehandsvald, trykker du på knappen der det står «Bruk no» for å få moglegheit til å endre til «Bruk seinere».



Når du er sikker på at produktval, informasjon om e-post/kvittering og tidspunkt for bruk er riktig, vel du «Bekreft» nedst på skjermen for å bekrefte kjøpet.

Viss du har valt «Bruk no» under «AKTIVERING», blir billetten no aktivert og er klar til bruk.



Viss du har valt «Bruk seinere» og trykker «Bekreft», får du opp billetten din, men han er ikkje aktiv.

**Merk!** Du skal ikkje trykke «Aktivere billetten» før du er klar til å starte reisa (ved ombordstiging). Først når du er klar til å reise, trykker du «Aktivere billetten».

### Grense for førehandskjøp

Det er ikkje mogleg å førehandskjøpe billett tidlegare enn 48 timar før planlagt reise. Dette er altså fristen du har til å starte reisa etter at du har førehandskjøpt billett.

Nedteljinga for desse 48 timane står på billetten etter kjøp, før den er aktivert. Etter at fristen for aktivering er gått ut, vil det ikkje være mogleg å bruke billetten.

Viss du oppdagar at du har førehandskjøpt billett for tidleg og ikkje rekk å bruke han innan 48 timer, skal du ikkje aktivere billetten! Viss du lar vere å aktivere billetten, slepp du å betale for han og kan kjøpe ein ny billett som vil vere gyldig for reisa.

Sletting av reservert kjøpsbeløp skjer automatisk etter at fristen for aktivering er gått ut, viss billetten ikkje blir aktivert. Det kan ta nokre verkedagar før reservasjonen av beløpet blir frigitt på kontoen din. Det eksakte tal dagar er avhengig av kortleverandør, men det kan ofte ta så mykje som ei veke.

## Finne igjen aktive og tidlegare kjøpte billetter

### Billettoversikt – iPhone




Vel «Billetter» i menyen nedst i bildet for å kome til ei oversikt over aktive og utgåtte billetter.

Her finn du og kjøpte billetter som ikkje er aktivert enno. Trykk på billetten og vel «Aktivere billetten» for å aktivere han.

### Billettoversikt – Android

Oversikt over aktive og utgåtte billetter, ligg under «Billetter».




Standard opningsbilde når du går inn i «Billetter» er bildet «Kjøp». For å kome til oversikta over aktive og tidlegare kjøpte billetter, må du trykke på *fana* «Billetter» (markert på bildet til venstre).

Her ligg alle dine aktive og tidlegare kjøpte billetter.

Her finn du og kjøpte billetter som ikkje er aktivert enno. Trykk på billetten og vel «Aktivere billetten» for å aktivere han.

Under «Kjøp» ligg det og «billetter», men dette er berre ei oversikt over dei typane billett du har kjøpt. Du kan trykke på ein billett for å kjøpe same type billett på nytt. (Sjå neste side.)

## Kjøpe same type billett som du har kjøpt tidlegare



Under «Kjøp» (iPhone) og «Billetter» >> «Kjøp» (Android) finn du ei liste over dei typane billett du har kjøpt tidlegare.

Viss du vil kjøpe same type billett igjen, trykker du på den billettypen du vil kjøpe, og så kjem du inn i kjøpsprosessen for den typen billett. Ved å gjere det på denne måten, slepp du nokre trinn i prosessen.